

Venstres kommunestyregruppe i Giske kommune

Til Kommunestyret i Giske
ved ordførar Knut Støbak

Interpellasjon i kommunestyret 29.04.2008:

Gjer Giske kommune til Fairtrade-kommune

Venstres kommunestyregruppe tek no initiativ for å gjere Giske kommune til Fairtradekommune.

Fairtrade er den einaste internasjonale merkeordninga som garanterer god handel mellom småprodusentar i u-land og forbrukarar i i-land. Fairtrade-merket garanterer mellom anna at produsenten i sør får ein god minstepris for varene sine, og at det ikkje blir brukt tvangs- og barnearbeid i produksjonen.

1997 kom den første Fairtrade-kaffen på den norske marknaden. I dag finns det også te, bananer, appelsinjuice, ris og sjokolade. Fleire produkt kjem etter, som t.d. sukker, honning, vin og blomar. Fairtrade finns snart over heile verda. I Noreg blir merkeordninga administrert av stiftinga Fairtrade Max Havelaar Norge.

Konseptet ”Fairtrade-kommune” kjem frå Storbritannia, der over 150 byar og stader har fått denne statusen. Fairtrade-kommunene har fått særstak stor merksemd i media, og har gitt merkeordninga Fairtrade eit løft ingen kunne drøyme om på førehand. Då den vesle byen Garstang oppnådde status som verdas første Fairtrade-kommune i 2000, hadde Storbritannia omlag det same vareutvalet som vi har i Noreg i dag, og ei tilsvarande omsetning. No, berre seks år etter, er Storbritannia det store forbildet for dei andre landa som har merkeordninga, med omlag 2000 varer og ei omsetning på omlag 200 millionar pund. Fairtrade-kommunene har dessutan blitt kommunar med stort engasjement for global rettferd.

Dersom Giske kommune skal bli ei Fairtrade-kommune må kommunestyret vedta følgjande:

- Det må kjøpast inn berre Fairtrade-merka kaffi og te til sentraladministrasjonen, slik at produkta blir tilgjengelege for tilsette og besøkande. Fairtrade-merka produkt som blir servert, skal merkast tydeleg for alle som forbruker desse varene.
- Fairtrade-merka produkt skal inngå i rammeavtaler for offentlege innkjøp der dette er relevant.
- Andre kommunale institusjonar må oppmodast til også å velje Fairtrade-merka varer i sine innkjøp.
- Kommunens muligheter for å agere som ein etisk innkjøpar i alle sine funksjonar må undersøkast.
- Arbeide vidare for at Giske kommune oppnår status som Fairtrade-kommune.

Det er viktig å seie at før Giske kommune kan bli ei Fairtrade-kommune, må også butikkane og verksemndene i Giske innfri nokre krav gitt av Fairtrade Max Havelaar Norge.

På vegne av Venstres kommunestyregruppe vil eg stille følgjande spørsmål til ordføraren:

Vil ordføraren ta eit initiativ for å få i gang eit arbeid som kan føre til at Giske kommune kan bli ei Fairtrade-kommune?

Vil ordføraren umiddelbart støtte eit forslag der Giske kommune har som mål å bli kjent hos innbyggjarane og næringslivet, hos leverandørar, tilsette og andre lokale myndigheiter som ei kommune som støtter og fremjer Fairtrade?

08.04.2008

Anne-Lise Roald

Runa Godø Sæter

Britt Giske Andersen